

Valprogram 2023 - 2027



Masfjorden skal vera
ein kommune med

Moglegheiter
for alle

FØREMÅLSPARAGRAF:

«Høgre vil føre ein konservativ framstegspolitikk, bygd på det kristne kulturgrunnlaget, rettsstaten og folkestyret, for å fremje personleg fridom og sosialt ansvar, med råderett og eigedomsrett, og eit forpliktande nasjonalt og internasjonalt samarbeid.»

Masfjorden Høgre



JOBB NR. 1 – TILFLYTNING



Erlend Kvamsdal, ordførarkandidat



Kariann Ekren, 2. kandidat

Masfjorden har tilrettelagt bustadtomtar i Ytre Haugsdal, Risnes, Arekletten, Hosteland-Skjelsundet, Duesundøy, Haugsvær, Botneset, Kvamme, Mjangerslia og Einestrاند. No vil Høgre tilretteleggje tomtar også på Solheim, Matre, Andvik og Kvingo. **Høgre har gått i bresjen for eit bustadfond som skal støtte unge familiar som vil etablere seg i Masfjorden.**

- Tett og god dialog med dei som vurderar å etablere seg
- Utleigebustadar med gunstige leigevilkår for unge i etableringsfasen
- Auka etableringstilskotet ved huskjøp og husbygging
- Regulere attraktive tomter
- Kommunal medfinansiering

MØTEPLASSAR FOR LEVANDE BYGDER

Masfjorden valgte fjorden som tusenårsstad ved århundreskiftet, og då vart dei gamle dampskipskaiane markert som møteplassar for fjorden. Det er på tide å løfte desse historiske plassane våre fram att i dagen for å få ei ansiktsløfting og skape ny aktivitet saman med private aktørar som kan og vil bidra.

- Restaurere dampskipskaier
- Legge til rette for gjestebrygger og servicetilbud som vatn og el.straum til båt og bil
- Tilrettelegge for småbåthavner
- Støtte næringstiltak retta mot innbyggjarane og reiseliv
- Fokus på vedlikehald av kommunale bygg

Møteplassar er viktige, og Høgre vil tilretteleggje slike både for dei yngre og dei eldre generasjonane.

EIN FAMILIEVENLEG KOMMUNE **Masfjorden skal vere ein JA-kommune!**

- Barnehagegaranti
- Samarbeid med nabokommunar om barnehagedeling, nærleik til arbeidsstad for foreldre
- Innholdsrik SFO ordning med læring og meistring
- Byggesaker knytt til bustadetablering får prioritet
- Støtte opp om lavterskeltilbud, aktivitetstilbud, utlansordning av utstyr o.a. for barnefamiljar

MASFJORDEN – MIDT I VESTLAND FYLKE

Vestland Fylkeskommune har no 4 år bak seg, og folk frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Bergen by har saman bygd ein sterk region der næringsutvikling, kunnskap og samhandling har stått i fokus. Vestland fylke har vore pionerar i det grønne skiftet, både innan samferdslesektoren men og i folk sin kvardag.



Silja Ekeland Bjørkly (Fylkesordførarkandidat)



John Torsvik (10. kandidat fylkestingslista)

Høgre har vore eit krevande opposisjonsparti i Vestland, men er no klar til å ta styring på kva fylkeskommunen skal prioritere og nedprioritere dei komande 4 åra.

- Meir til vedlikehald av fylkesveggar
- Mindre overstyring av kommunane si arealplanlegging
- Meir tilrettelegging for ein aktiv kvardag og betre folkehelse
- Mindre detaljstyring av kvar elevane skal ta utdanninga si
- Meir valgfriidom i utdanninga di, både i allmenne og yrkesretta fag

REGIONEN VÅR - MASFJORDEN OG GULEN

Masfjordingane jobbar i Gulen og bur i Masfjorden, gulingane kjem til Masfjorden for å drive fritidsaktivitetane sine i lag med oss i Masfjorden. Høgre i Masfjorden og Gulen vil i fellesskap byggje ut tilbuda til innbyggjarane våre, noko kjem i Gulen – noko anna i Masfjorden.

- Areal til næringsutvikling både i Masfjorden og Gulen
- Symjeanlegg på den sørlege aksen, med lokalisering og finansiering som kan løysast raskt.
- Få starta opp bygginga av Masfjordbrua
- Få ekstra ferje og fleire ferjeavgangar på Fensfjorden
- Oppgradering av FV-57 gjennom Gulen
- Vidare oppgradering av FV-379 Masfjordvegen
- Vidare oppgradering av FV-570 Austfjordveg en
- Rassikring på utsatte strekningar



OPPVEKST OG UTDANNING

Ein god skule der meistring og læring får utvikle seg, ja det fortjener barna våre.
Lukkast barna og ungdommane våre, ja så lukkast Masfjorden.



*Bjarte Moncrieff-
Dyrkolbotn, 3. kandidat*



*Helga Nyhavn Matre,
4. kandidat*



*Ivar Sleire Tenjum,
ungdomskandidat*

TIDLEG INNSATS

- Tett oppfølging av barna i overgangen frå barnehage til barneskulen
- Innføre tiltaksplan for å vere ein dysleksivenleg skule alt frå barneskulen av
- Mål om null mobbing i grunnskulen, med førebyggjande og evt. oppfylgjande tiltak
- Elevar som treng variasjon i skulekvardagen må få valgmoglegheiter innimellom
- Dra nytte av seniorar sin kompetanse ved tilbod om leksehjelp og i praktiske fag

SAMARBEID MELLOM MASFJORDSKULANE

- Samarbeid om fleire valfag på tvers av skulane
- Utveksling av lærarar mellom skulane
- Digital undervisning på tvers av ungdomsskulane

YRKESRETTEIING

- Tettare samarbeid mellom næringsliv og ungdomsskulane
- Fleire praktiske valfag
- Ta sløydbenken og verktøykassen i bruk att
- «Hospitering» i det lokale næringslivet
- Norsk kurs for tilflyttarar frå utlandet

ETTERUTDANNING

- Få tilbake fritt skulevalg i vidaregåande skular med reisetidsgaranti
- Tilby vidaregåande for vaksne for å sikre at fleire får fagbrev og studiekompetanse
- Tilbod om etterutdanning til dei kommunalt ansatte

KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSIV

Høgre vil ta vare på kulturidentiteten i Masfjorden, enten den er av nyare eller eldre dato.

- Bevare kulturskulen og idrettsskulen som viktige arenaer og valgfridom for barn og unge i Masfjorden.
- Tiltrettelegge for aktiv bruk av turveggar, m.a. med skilting og parkeringsområde.
- Fylgje opp kommunedelplanen for idrett og friluftsliv
- Starte arbeid med regulering og prosjektering av idrettshall
- Støtte arbeid med kulturhistorien til Masfjorden
- Støtte musikk og korpsrørsla i Masfjorden
- Jobbe for bedre kommunikasjonar på fritida, særleg for ungdom

HELSE

Vi har fått på plass eit moderne legekontor både for publikum og legetenesta vår. **No ynskjer Høgre at legetenesta vert styrka ytterlegare ved å:**

- Utvida opningstid på ettermiddag for barnefamiliar og uforutsette behov-Styrke fastlegetilbudet til alle masfjordingane
- Jobbe for eit regionalt utvida helsetilbud ved Knarvik helsehus, m.a. røntgentilbud
- Etablere tilbud som kreftkoordinator

OMSORG

Høgre vil arbeide for at kommunen har tilstrekkeleg bemanning med god kompetanse innan omsorgstenesta vår. **Høgre vil styrke tilbudet for dei mest sårbare gruppene.** Høgre ynskjer at ein skal kunne bu heime lengst råd og skape trygge rammer kvar dag og natt for dei som treng det.

- Bu heime lengst råd er men med god tryggleik via kontakt med omsorgstenesta
- Tilgjengelege hjelpemidlar på hjelpemiddelsentralen
- Valmuligheit i eldreomsorga.
- Etablere tilbud som demenskoordinator
- Oppretthalde kapasitet og kompetanse i sommarferien
- Verdig livsavslutning når den tida kjem.

HØGRE SIN SENIORPOLITIKK – LEVE HEILE LIVET

Regjeringa Solberg innførte i sin siste periode kvalitetsreforma «Leve heile livet». Masfjorden Høgre ynskjer å bevisstgjere innbyggjarane på korleis ein sjølv og saman med andre kan skape kvalitet i kvardagen sin.

AKTIV PENSJONISTTID – GOD FORM – GOD HELSE

- Seniorar som viktige partnarar i frivilligstenesta
- Oppretthalde stillinga som frivilligskordinator for legge tilhøva til rette aktivitet
- Møteplassar for dei eldre, kan driftast av helselag, pensjonistforening eller velforeiningar
- Tilrettelagte idrettsanlegg og turvegar for den eldre generasjonen
- Seniorbustader sentralt i alle kommunedelane som er lette å bu i både inne og ute
- Utlån av utstyr for seniorar i «BUA» tilbudet
- Seniorar som ressurs både i grunnskulen og i frivillig sektor



Erna Solberg og Ove Trellevik fekk sjå at omsorgssatsinga deira har gitt eit godt tilbud ved Masfjorden Bu og Aktivitetssenter



Tina Fjellby, 9. kandidat og Sigrun Haugsdal Reknes, 7. kandidat vil arbeide for tilstrekkeleg bemanning og god kompetanse

KOMMUNIKASJONAR

Masfjorden Høgre innførte i inneverande periode veifondet til Masfjorden kommune.

Det har gitt veiarbeid fleire stadar i kommunen dei siste åra. Høgre vil i kommande periode auka ramma på det.

- Veifondet må kunne brukast på både kommunale veier, fylkesveier og trafiksikringstiltak i Masfjorden.
- Høgre vil legge opp til spleiselag med fylkeskommune, næringsliv og grunneigarar om utbedringar av parsellar som skapar trafikkutfordringar eller trafikkrisiko
- Trafikksikringsplanen får tett oppfølging og vert etterlevd
- Arbeide for rassikring på strekningar med rastilløp
- Arbeide for eit meir effektivt kollektivtilbud som også koordinerar betre med ferjeavgangane

GRATULERA MASFJORDEN !

Høgre var initiativtakarar til ferjeavløysingsordninga på fylkesvegane og har arbeidd med Masfjordbrua sidan 2011. **No ser det ut til at arbeidet med Masfjordbrua kan starte opp i planperioden 2023-2026 i Vestland Fylkeskommune.**

Brua har allereie fått maksimalt tilskot med ferjeavløysingsmidlar frå Staten.



Moglegheiter
for alle

KVA SÅ?

Høgre set seg nye mål saman med masfjordingane. Vi er i sentrum av Vestland Fylke.

Høgre ynskjer ein ferjefri vegstrekning som er både klimavenleg og tidsbesparande for arbeidspending mellom Bergen – Masfjorden – Gulen regionen. Då treng vi både visjon, samhandling og ikkje minst tid.

Meiner også du at ferjefri og effektiv veg er viktig, ja då må du velge Høgre til å styre både i Masfjorden og i Vestland fylke.



Alt. 1 Alt 2

Høgre sine visjonar for innkortingar på FV-570.

Alt 1: Tunell til Hope og bru over Mjangersvågen


Alt 2: Tunell til Kvingo

Masfjorden Høgre





Erlend Kvamsdal viser stolt fram dei nye hurtigladarane ved Nordbygda Senter.



Veronica Hjartholm, kandidat for Høgre køyrer dagleg mellom Indrefjorden og Nordbygda, og viser stolt fram den utbedra vegen forbi Furubotn.

NÆRINGSETBLERING

Høgre har hatt fokus på arealplanlegginga i kommunen slik at når det kjem initiativ om næringsetablering - **ja då er me klare.**

- Tilrettelegge næringsareal på Matre, Haugsværdalen, Risnes, Hosteland, Sandnes, Kvamme og Kvingo.
- God kraftforsyning til regionen
- Effektiv breibandskapasitet
- Rask sakshandsaming
- Bruke Kraftfondet i første rekke til spissa nærings tiltak i Masfjorden

KLIMA, MILJØ OG LANDBRUK

Den grønne omstillinga er i gang i Masfjorden.

Høgre vil støtte gode bærekraftige tiltak i regionen vår, men alt kan ikkje forutsetjast med bakgrunn i null Co2 fotavtrykk. Me må tåle noko for å vinne meir ein annan stad.

- Fleire hurtigladestasjonar
- Miljøstasjon for avfall
- Attraktiv strandsone og ryddige rasteplassar
- Energieffektivisering i kommunale bygg- Nei til vindkraftutbygging i Masfjordfjella
- Ja til effektivisering og gode grønne utbyggingsprosjekt for vasskraft
- Fjerne fleire «grønne tunellar»

LANDBRUK

- Rask responstid i landbrukssaker
- Tilrettelegge for unge aktørar og entreprenørskap i landbruket
- «Smaken av Masfjorden» vert ein arena for lokal og berekraftig tradisjonsmat
- Støtte initiativ til utbygging av skogsvegar
- Jobbe for å få etablert signalnett i beiteområda i fjella
- Legge til rette for omstilling til lausdrift ved mjølkeproduksjon




1. KANDIDAT
Erlend Kvamsdal



2. KANDIDAT
Kariann Ekren



3. KANDIDAT
Bjarte Moncrieff-Dyrkolbotn



4. KANDIDAT
Helga Nyhavn Matre



5. KANDIDAT
Bjarte Andvik



6. KANDIDAT
Ivar Sleire Tenjum




7. KANDIDAT
Sigrun Haugsdal Reknes



8. KANDIDAT
Atle Nordland



9. KANDIDAT
Tina Fjellby



10. KANDIDAT
Marit Grimsland



11. KANDIDAT
Gunnar Andvik



12. KANDIDAT
Marita Sylta Birkeland



13. KANDIDAT
Arne Hindenes




14. KANDIDAT
Gunnveig Molland



15. KANDIDAT
Henning Fredriksen



16. KANDIDAT
Veronica Hjartholm



17. KANDIDAT
Torleif Matre



18. KANDIDAT
Hege Oppedal



19. KANDIDAT
Vebjørn Haugsdal



20. KANDIDAT
Vidar Kvamsdal



21. KANDIDAT
Eva Cecilie Hansen



22. KANDIDAT
John Torsvik

